



Adresseinformasjon blir fylt inn ved ekspedering. Sjå mottakarliste nedanfor.

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 06/01827-21

07.04.2022

Ark.: 326.12 BS

Oppstart av namnesak 2022/155– namn på konstruksjonar på E39 i Vestnes og Molde kommunar

Statens vegvesen ved prosjektleiar Harald Inge Johnsen ber om at Statens kartverk gjennomfører namnesak for konstruksjonar på ny E39 på strekninga Ørskogfjellet – Molde. Saka blir tatt opp for å fastsette rett skrivemåte for offentleg bruk.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunane, jf. § 8 i lov om stadnamn.

	Forslag frå Statens vegvesen	Alternativt forslag frå Kartverket	Merknader
1	Skitneseterbrua		
2	Skorgeelvkulverten		
3	Ellingsgardkulverten	Ellingsgardskulverten	KV: Jf. <i>Ellingsgardslia, -elva</i> . SVV: Fylkesveg/kommunal veg(?)
4	Skorgedalsvegen kulvert	Skorgedalsvegkulverten	KV: Helst eitt ord
5	Sandgrovbrua		
6	Trolltindtunnelen		SVV: Arbeidsnamn: <i>Vikakslatunnelen</i>
7	Litlvidåna kulvert	Litlevidåkulverten	KV: Godkjent form <i>Litlevidåna</i>
8	Vikbrua		
9	Elvestadkulverten		SVV: No fv 661, vil bli E136 (over Vidåna)
10	Vidånakulverten	Vidåkulverten	KV: ubunden form i samansetning
11	Flateelvbrua		SVV: Ikkje off. veg - privat etter anlegg
12	Romsdalsfjordtunnelen		
13	Utsidetunnelen		SVV: Fv662 Otrøya under E39
14	Jul sundbrua		
15	Julbøbrua		
16	Julakslatunnelen	Julakseltunnelen	KV: ubunden form i samansetning, jf. <i>Akselelva, Akselholet</i> .
17	Mordalsbrua		
18	Vardentunnelen	Vardetunnelen	SVV: Arbeidsnamn: <i>Kringstadtunnelen</i> KV: ub. form i sms., jf. Vardevegen.

Lokal høyring

Statens vegvesen vel namn på sine anlegg. Kartverket vedtar skrivemåte etter lokal høyring. Kommunane har rett til å uttale seg, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn dei har særleg tilknytning til.

Etter lov om stadnamn § 4 skal ein fastsette skrivemåten med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet og følge gjeldande rettskrivingsprinsipp.

For namn på konstruksjonar er det spesielt viktig å få rett samansetningsform. Derfor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er lokal uttale og lokal samansetningsmåte.

Kommentar frå Kartverket om samansetningsmåte

- Førsteleddet i namnet på konstruksjonar er normalt eit stadnamn. I dei utfyllande reglane står det at «Ein bør nytte den samansetningsmåten som samsvarar med dialektuttalen». Ein kan jamføre med andre avleidde namn, t.d. *Ellingsgardslia* > *Ellingsgardskulverten*.
- Når førsteleddet er eit stadnamn i bunden form, fell artikkelen normalt bort i samansetningar, t.d. *Julsundet – Julsundbrua*. *Vidåna*, *Julaksla* og *Varden* er også namn i bunden form, og Kartverket har foreslått den ubundne forma.

Vidare saksgang

Kommunane har ansvaret for å kunngjøre at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (*post@sprakradet.no*), med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gi endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Bjørge Stavik
fylkeskartsjef

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)
[E39 Ålesund–Molde | Statens vegvesen](#) (informasjon om prosjektet)

Vedlegg: Tabell frå Statens vegvesen

Mottaker: VESTNES KOMMUNE
MOLDE KOMMUNE

Kopi Harald Inge Johnsen
Magnhild Tone Rømyhr
Kjetil Sandvik Sletten
Alexander Larssen
Odd Hauan
SPRÅKRÅDET
STATENS VEGVESEN REGION MIDT MOLDE KONTORSTED

